

Innhald

1.	Program for visitasen	3
2.	Kort historisk riss sidan førre visitas	5
3.	Tilhøva i soknet/kommunen	6
4.	Råd og tilsette	8
5.	Det åndelege livet i kyrkjelyden	
	Lindås	10
	Knarvik	17
6.	Kyrkje og kommune	27
7.	Vegen framover, strategiar og mål	
	Lindås	28
	Knarvik	29
8.	Sluttord/konklusjon	31

1. PROGRAM FOR VISITASEN

Onsdag 22. oktober

I Knarvik

09:00 Felles stabsmøte

10:30 Samtale om lokalkyrkja sitt tilhøve til kommunen. Leiar i fellesrådet Sølvi Knudsen, kyrkjeverje John Fredrik Wallace, prost Helge Taranrød og sokneprestane

11:15 Samtale kateket Nina Jenny Monstad

11:45 Lunsj

12:30 Samtale spesialprest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

13:15 Samtale dagleg leiar Synnøve Bjørndal

14:00 Samtale sokneprest Cathrine Grutle

15:15 Middag

På Lindås

18:00 “KVILEPULS – song og samtale i kyrkja”

I Lindås kyrkje

Samtale med biskopen, allsong, musikk og kyrkjekaffi

Torsdag 23. oktober

På Lindås

09:00 Morgonbøn i Hundvin kyrkje

10:00 Biskopens spørretime 1.-4. klasse

Med song av barnekoret NONSTOP

11:15 Lunsj

12:15 Samtale dagleg leiar Grethe Lunde

13:00 Samtale sokneprest Ole Marton Ølberg

14:15 Besøk Myking kyrkje og munketrappene

15:45 Middag i Knarvik kyrkje

I Knarvik

17:15 Samtale biskop og soknerådsleiarar i Knarvik kyrkje

18:00 – 21:00 Samrådsmøte - sokneråd, tilsette i Knarvik kyrkje

Fredag 24. oktober

I Knarvik

08:30 Møte med 10. trinn på Knarvik ungdomsskole i Aulaen (frem til 09:15)

10:00 Møte på kommunehuset med ordførar

11:30 Lunsj på kommunehuset

12:30 Bedriftsbesøk, NMS Gjenbruk

13:30 Møte prestane i prostiet til gudsteneste i Alversund kyrkje

15:00 Nøkkelstader på Seim og Lygra
Håkonshaugen og kort omvising i Seim kyrkje
Kongsgård og Lygra kyrkje og kort omvising
Lyngheisenteret – samarbeid om Kystpilegrimsleia
17:00 Middag på Lyngheisenteret

PAUSE

20:00 Followme i Knarvik kyrkje

Søndag 26. oktober

I Knarvik kyrkje

10:00 Førebuing til visitasgudsteneste ☺
11:00 Familiegudsteneste med nattverd
Barnekoret NONSTOP, SingSingeling/SingOut, Alversund kammerkor,
Shelly.
12:15 Visitasforedrag rett etter gudstenesta
Aktivitatar for barna på Kyrkjetoget, Tårnrommet og Ungdomsrommet
12:35 Kyrkjekaffi på Petersplassen



2. KORT HISTORISK RISS SIDAN FØRRE VISITAS

Biskop Halvor Nordhaug visiterte sokna Lindås, Myking, Hundvin, Alversund, Seim, Lygra 22. - 27. mars 2011. I visitasføredraget tok biskopen utgangspunkt i Bjørgvin bispedøme sin visjon – som framleis gjeld: Saman vil vi ære Den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, byggja kyrkjelydar, fremje rettferd. Biskop Halvor skreiv innleiingsvis i føredraget: “Eg vil stansa ved ordet ”saman”. Det er det fyrste gang eg gjer på ein visitas, men i Lindås er det det ordet de treng å høyra. De må stå saman, og de må trekka saman. De får til så mykje kvar for dykk i desse sokna. Kva kunne ein ikkje fått til dersom ein hadde dratt litt meir i hop?”

Mykje har skjedd med “saman” i den kyrkjelege geografien i det som no er Lindås og Knarvik sokn. 6 sokneråd vart i 2019 slått saman til dei 2 sokneråda vi har no. I 2020 vart Lindås, Radøy og Meland kommunar slått saman til Alver kommune, og Alver kyrkjelege fellesråd vart oppretta. Dei tilsette i sokna er fordelte på 5 geografiske kontor: Knarvik kyrkje, kyrkjetoget på Frekhaug, Manger med Rasteplassen, Lindås kyrkjelydssenter, og Ostereidet kyrkje. Kyrkjeverja, administrasjonen og driftsavdelinga er samla på eitt kontor og driftssenter i Knarvik (Lonsvegen 1). Kyrkjeverja har ei leiargruppe der dei daglege leiarane og driftsleiaren møter med prostens som assosiert medlem.

Arbeidstilhøva for dei tilsette, samt drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane er godt strukturert og koordinert. Dei 5 sokneråda møtast minst ein gong i året for både inspirasjon og rådslaging. Oppsummert har vi ein langt meir slagkraftig og samkøyrd kyrkjeleg organisasjon i dag enn i 2011.

Det skjedde mykje med ”saman” då Knarvik kyrkje vart vigsla 30. november 2014. Ei stor investering for kommunen, fellesrådet og det dåverande soknerådet. Knarvik kyrkje er storstova i regionsenteret, ei 7 dagars kyrkje som samlar folk til gudsteneste og kyrkjelege handlingar og aktivitetar, men også konsertar og mange store kulturelle arrangement. Kyrkja har og vore brukt som gudstenestekyrkje i NRK.

Pandemien, som gjorde at landet stengde ned i mars 2020, prega det kyrkjelege livet også i Lindås og Knarvik sokn. På mange måtar vart “saman” stresstesta når heile fundamentet for å ha eit levande kyrkjeliv vart tatt bort. Erfaringar viste at sokna evna å både vere kreative og tru mot unntaksreglane som gjaldt når folk kom saman.

Kva betyr “saman” i dag? Lindås sokn har 3 kyrkjer i eitt sokn. Kva tener kyrkjelivet best? Skal vi legge vekt på lokale samlingar i dei 3 kyrkjene, eller skal vi satse på å bygge 1 kyrkjelyd? Knarvik sokn har ei tilsvarande utfordring, men endå meir komplekst med 4 kyrkjer. Knarvik kyrkje er hovudkyrkja i soknet med gode og tenlege lokale ved sida av kyrkjerommet.

3. TILHØVA I SOKNET/KOMMUNEN (Folketal, sosiale forhold, næringsliv, m.m.)

Folketalet i Alver kommune er 30.206 (2. kvartal 2025, SSB).

Vi saksar frå Alver kommune sine heimesider:

Utbygginga av industriområdet på Mongstad tidleg på 1970-talet fekk mykje å seia for utviklinga i regionen. Hundrevis og seinare fleire tusen arbeidsplassar vart etablerte på Mongstad. Dette fekk store ringverknader for heile regionen både når det gjaldt tilgang på arbeidsplassar, demografi, busetnadsmønster, infrastruktur, kommuneøkonomi m.m. og har vore avgjerande for utviklinga av regionen heilt fram til i dag.

Samla står olje- og gassnæringa for omtrent 28 prosent av sysselsettinga i Alver, og av dette er ca 40 prosent knytt til raffineriet på Mongstad, resten innan teneste- og utstyrsleveranse. Her har Frank Mohn Flatøy ein sterk posisjon på verdsmarknaden med leveranse av pumpesystem både til rederi og oljenæringa.

Det grøne skiftet har stort fokus, også i Alver. Det blir jobba med spennande prosjekt knytt til fornybar industri, ikkje minst innan storsatsinga Green Spot Mongstad.

Kommunen har eit spennande gründermiljø, og gjennom Industriutvikling Vest har både ferske og etablerte verksemder fått god hjelp til å utvikle seg vidare.

I Alver er det også eit stort spenn av produksjonsbedrifter, som produserer garn, bygningselement, skip, landbruksutstyr, samt modular til anlegg til havs – for å nemne nokre bransjar.

Alver er langt meir enn olje og gass. Visste du at Alver er ein av dei største matprodusentane i Vestland? Storfe- og sauehald dominerer. Her er det fleire høns enn innbyggjarar, og vi har «goa pote». Her har også skogbruket gode vilkår.

Tenesteyting, bygg og anlegg og varehandel er store bransjar med i alt over 4000 arbeidsplassar og betydeleg verdiskaping. Reiselivet gir også ein del arbeidsplassar i Alver, mellom anna gjennom hotellbedriftene Alver hotell og Westland hotell.

I fjordane våre ligg det ei rekkje oppdrettsanlegg, som også gir sysselsetting og eksportverdi.

Fleire stader i Alver finn ein kystlyngheier. På Lygra finn ein eit historisk lynghei-landskap, slik det har vore på kysten i 5000 år.

Lindåsosane og Lurefjorden er det første marine verneområdet i Vestland fylke og har eit så spesielt fjordsystem at det ikkje finst liknande i verda.

Alver har betydeleg innpendling frå Bergen og nabokommunane, ikkje minst på grunn av petroleumsaktiviteten. Det nye regionale helsehuset i Knarvik er ein stor og attraktiv arbeidsplass som også bidreg til ein del innpendling.



Tabellen nedanfor gjev eit inntrykk av innbyggjarane i Alver kommune si oppslutning om kyrkja og deltaking i kyrkjelege handlingar i perioden 2015 - 2024. Tala er henta frå Statistikkbanken i SSB.

Alver kommune	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere	81,9	80,6	80,4	79,7	78,9	78,3	75,9	75,0	74,3	73,4
Døpte i prosent av antall fødte	86,4	71,9	84,0	62,7	76,0	70,7	68,1	76,2	65,8	81,6
Konfirmerte i prosent av 15-åringer	72,0	68,8	64,2	67,8	60,8	61,9	62,4	59,6	63,8	60,6
Kirkelige gravferder i prosent av antall døde	98,2	104,3	102,3	98,0	95,2	92,3	91,6	95,4	89,8	83,5
Medlemmer i tros- og livssynssamfunn utenfor Den norske kirke i prosent av antall innbyggere	6,7	8,0	8,3	8,6	8,6	9,0				

4. RÅD OG TILSETTE

Sokneråd og fellesråd

Medlemar i Alver kyrkjelege fellesråd, 2023-2027

Meland sokn, Sølvi Knudsen, leier fellesrådet
Radøy sokn, Gunnar Kartveit, nestleiar fellesrådet
Osterfjorden sokn, Turid B. Hølleland
Lindås sokn, Jan Åke Kolaas
Knarvik sokn, Helge Haugland
Geistleg representant, prost Helge Taranrød
Kommunal representant, Lasse Turøy

Medlemar Lindås sokneråd 2023-2027

Turid Sporsheim Tvedt (leiar)
Bernt Olav Fjellanger (nestleiar)
Renate Rebnord Matre
Jan Åke Kolaas
Åse Sletten
Sigrid Romarheim Refsdal
Jorunn Haugen Kvalvågnes
Ida Maria Borgevik
Ole Marton Ølberg (geistleg representant)

Medlemar Knarvik sokneråd 2023-2027

Hildur Løkken Lillestøl (leiar)
Håkon Glatved-Prahl (nestleiar)
Svein Arne Hatlevik
Arthur Fondenes Kleiveland
Birte Therese Nilsen
Helge Haugland
Karoline Vemøy Sundsbø
Kåre Jordal
Margrethe Myksvoll
Monika Bøkevoll Aarland
Cathrine Grutle (geistleg repr.)

Tilsette

Tilsette i Lindås sokn

Anna Gaszak-Trzaskowska	Kyrkjetenar	50 % stilling
Malgorzata Anna Tvedt	Organist	60 % stilling
Ove Danielsen	Kyrkjelydsmedarbeidar	40 % stilling
Kristine Simones Rouxel	Kyrkjelydspedagog (permisjon)	40 % stilling
Solveig Angelskår	Kyrkjelydspedagog vikar	40 % stilling

Turid Sporsheim Tvedt	Sekretær (vikar)	10 % stilling
Tove Skodvin	Sekretær (vikar)	10% stilling
Ole Marton Ølberg	Prest	100 % stilling
Grethe Lunde	Dagleg leiar	20-30 % stilling

Tilsette i Knarvik sokn

Cathrine Grutle	Sokneprest	100 % stilling
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Spesialprest	100 % stilling – delvis permisjon
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	Kateket m/ hovudansvar for konfirmantarbeidet	100 % stilling
Kristin Gilje Vestbøstad	Kyrkjelydspedagog	60 % stilling
Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Magne Bjørndal	Prostiprest/seniorprest	50 % stilling
Øystein Skauge	Vikar for spesialprest	
Bente Cathrine Sørheim Vetvik	Vikar konfirmantmedhjelpar	

5. DET ÅNDELEGE LIVET I KYRKJELYDEN

Lindås

5.0 Tilhøve i soknet

Myking, Lindås og Hundvin sokn vart til Lindås sokn i 2019. Lindås er tettstaden og tidlegare kommunesenter der det bur ca 1400 menneske og kor byggefelt, barneskule, ungdomsskule, kyrkje, bensinstasjon og kjøpesenter er lokalisert.

Bygda er i stor grad prega av at den store industriarbeidsplassen Mongstad med oljeraffineri er å finna nokre kilometer nord for sjølve Lindås. Då utbygginga starta på midten av syttitalet flytta fleire til bygda som følge av at dei fekk arbeid på Mongstad, utan å ha tilknytning til staden. Dette influerer også på kyrkjesøking og relasjonsbygging elles i bygdesamfunnet. I dag er det om lag 1000 faste tilsette, i tillegg kjem 400 innleigde arbeidarar.

Hundvinbygda finn ein lenger sør og her er det også eit byggefelt i tillegg til den gamle spreidde busetnaden. Konglevoll bedehus står sterkt i bygda og har gode tilbod til både born, ungdom og vaksne. Kyrkja samarbeider med bedehuset og har gudstenester der i løpet av året. Mykingbygda finn ein lenger mot aust med spreidd busetnad, her var mykje av trelastindustrien tidlegare lokalisert.

Før utbygginga av oljeraffineriet på Mongstad kom på midten av syttitalet, var det småbruk og fiske som var inntektskjelda, samt mange mindre bedrifter innan trelastindustrien. Olje- og gassindustrien er kjent for å tilby sine tilsette gode lønningar og dette resulterte nok i at det vart større forskjellar blant folk i dei tradisjonelle småbruk- og fiskarbygdene.

5.1 Generell vurdering

Lindås sokn ligg i eit område med knappe 2000 innbyggjarar, med 3 kyrkjer plassert om lag 10-15 minuttar køyring frå kvarandre. Lindås kyrkje er ei langkyrkje i tre frå 1865. Det er den største, og ligg sentralt i den største tettstaden. Myking og Hundvin kyrkjer er plasserte i mindre bygdesamfunn. Myking er ei langkyrkje i stein frå 1861, og Hundvin er ei langkyrkje i tre frå 1936.

Folkekyrkja verker å stå bra i soknet. Gjennom året kan ein møte ein god del av folket gjennom dei ulike gudstenestene og aktivitetane som blir gjennomførte. Opplevinga vi får då, er ofte at dei har eit godt forhold til kyrkja, sjølv om dei ikkje brukar den for ofte.

Kyrkjelydssenteret med stabens kontorlokale ligg pent plassert i Lindås senter. Det vert jobba med å ta i bruk den gamle prestegarden, som ligg ved sida av kyrkja, til dei same formåla. Der er det ein veg å gå, men vi vonar at dette kan bli realisert i nær framtid. Soknet har nyleg også fått Myking bedehus i gåve, som allereie blir brukt av kyrkjelyden på Myking til formiddagstreff og andre arrangement.

Indremisjonen har lenge stått sterkt i sokneområdet. Nokre av bedehusa er no lagt ned, men på Hundvin har dei framleis eit bedehus (Konglevoll) med mykje godt arbeid blant både born, unge og vaksne. Fleire av dei aktive der er også trufaste kyrkjegjengarar, og dei driv mellom anna søndagsskule (laurdagstime) og Tweens. Søndagsskule har dei òg på Kløvheim bedehus,

og dei har delteke på familiegudstenester i Myking kyrkje. På kyrkjelydssenteret har Misjonssambandet arrangert Max-klubb for 5. til 7. klasse i mange år. Sokneråd og stab støtter opp om alt dette arbeidet, og reklamerer for det i våre samanhengar.

I soknet er det også ei misjonskyrkje og ei pinseforsamling. Misjonskyrkja har vi hatt sporadiske møtepunkt med, mens pinseforsamlinga avslutta eit felles gudstenestesamarbeid om Bibeldagen for nokre år sidan.

Fram til 2019 var dei tre kyrkjene fordelt på kvart sitt sokn. Samanslåinga det året medførte at man i større grad vektla eining på tvers av gamle grenser. Soknerådsmedlemene fremmer framleis arbeid i sin lokale kyrkjelyd, men må no nødvendigvis gjera det for dei andre kyrkjene òg.

5.2 Det kyrkjelege arbeidet

I Lindås sokn ønsker vi at gudstenestene skal være opne og inkluderande. Det skal vera lett å kome til kyrkje, og lett å føle seg som ein del av fellesskapet. Vi har framleis ein veg å gå med å møta folket anno 2025 på ein måte som gjer at alle kjenner seg heime i forsamlingane våre. Dei siste åra har vi freista å skapa nye møteplassar for å møta fleire, og opplever å vera på rett veg. Nokre av kyrkjene våre har ennå manglar i høve til universell tilgang, noko som må stå på agendaen fram til det er på eit akseptabelt nivå.

I 2019 ble Lindås, Myking og Hundvin sokn slått saman som eitt sokn. Det nye Lindås sokn overtok da sin 3 år gamle kyrkjeordning frå 2016. Den la opp til 26 forordna gudstenester i Lindås, 13 i Myking og 13 i Hundvin. Hausten 2025 vil vi få ei ny forordning, og sjølv om den ikkje er landa ennå peikar det mot ei lita redusering i gudstenestetalet. Det overordna målet er likefullt å halda fast på ein jamn aktivitet i alle kyrkjelydane, med hovudtyngde i hovudkyrkja på Lindås. Dette blir ein slags nøkkel for korleis gudstenesteplanane skal settast opp frå år til år. Målet er at det ikkje skal gå så mykje meir enn ein månad mellom kvar gudsteneste i dei 2 minste sokna. Om det likevel skulle bli tilfelle, vil vi prøve å leggja inn andre arrangement i den gjeldande kyrkja, som Kvilepuls eller salmekveld (eige punkt lenger ned). Vi kan opne for egne dåpsgudstenester i ein kyrkjelyd om det blir lenge til neste moglegheit for dåp i deira «heimkyrkje».

Alle kyrkjelydane får gudsteneste på julaftan og nasjonaldagen, mens Lindås får høgtidsmessene jul, påske og pinse, samt helgemesse. Myking får skjærtorsdag (gudsteneste i midtgangen) og 2. pinsedag (utandørgudsteneste), og Hundvin får langfredag. Dei siste 10 åra har vi også hatt ei felles gudsteneste med hausttakkefest på Konglevoll bedehus, som inngår i Hundvin kyrkjelyd. Resten av kyrkjeåret vert fordelt nokså opent mellom dei ulike kyrkjelydane.

Dei fleste gudstenestene vert betent av prest, organist, kyrkjetenar, klokkar (som ofte fungerer som både nattverdutdelar og tekstlesar), kyrkjevertar samt eventuelle andre medliturgar. Gjennom konfirmantåret vil også konfirmantane fordelast som medhjelparar



på dei ulike gudstenestene. Kyrkjelydsarbeidarane deltek på nokre av gudstenestene, og vi prøver å få med barnekoret NONSTOP på minst ei i semesteret.

På familiegudstenester vil det vanlegvis brukast PowerPoint, og vi har videokanon i alle kyrkjene. Til vanleg vert det trykt egne gudstenesteark til kvar gudsteneste, gjerne med bilete og illustrasjonar som peiker mot søndagens tema.

Soknet er òg med og støtter opp rundt Fjon Fjellkyrkje, både økonomisk og gjennom deltaking på det årlege olsok-stemnet der. Arrangementet, som inneheld både gudsteneste, utlodding og matservering, går på omgang mellom alle sokna i Nordhordland. Lindås sokn hadde ansvaret i 2025.

5.3 Gudstenestelivet

Gudstenestetal for Lindås sokn 2015-2024:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
	LMH	LMH	LMH	LMH	LMH	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås
Delt. søndags-gudsteneste	5482	5146	4383	4248	4309	1765	2576	2758	2940	2835
Delt. andre gudsteneste	543	780	750	771	542	377	0	1454	1658	1303
Delt. gudsteneste total	6025	5926	5133	5019	4851	2142	2576	4212	4598	4138
Søndags gudsteneste	57	56	55	54	50	36	56	50	52	55
Andre gudsteneste	6	9	7	8	7	14	0	10	10	8
Gudsteneste total	63	65	62	62	57	50	56	50	52	55
Nattverds-gudsteneste	29	33	32	33	31	20	26	26	25	27
Nattverd-deltakarar	1126	1044	768	718	755	479	366	706	741	802
Gjennomsnitt gudsteneste deltak. total	96	91	83	81	85	43	46	84	88	75
Gjennomsnitt deltak. hovud-gudsteneste.	96	92	80	79	86	49	46	69	70	60
Gjennomsnitt deltak. nattverd	39	32	24	22	24	24	14	27	30	30

I løpet av 2024 blei det gjennomført 55 gudstenester i Lindås sokn. Totalt 4138 var innom desse gudstenestene, slik statistikken over viser. Etter ein markant nedgang under covid-pandemien har besøkstalet gått opp att, men det har ikkje kome att til der tala var før pandemien. Særleg merkast dette på hovudgudstenestene, der snittdeltaking har gått ned mest dei siste 10 åra. Dette kan nok delvis skyldast alderssegmentet i kyrkjelydane, med merkbart naturleg bortfall grunna alder. Covid hjelpte heller ikkje mot noko som helst. Soknesamanslåinga har ført til ein viss “bevegelse” mellom kyrkjelydane, men utan dette ville moglegvis pilane peika enda meir nedover (i 10-årsperspektivet). Uansett årsak er det ei utfordring som både stab og sokneråd er klar over, og ønsker å gjere noko med.



Nattverdsdeltakinga har også gått ned i denne perioden. Feiringa av måltidet varierer mellom å gå føre seg rundt alterringen eller med intinksjon. Sistnemnte har ikkje ført til merkbar økt nattverdsdeltaking, men mange av gjengangarane i kyrkjebenkene føretrekk denne varianten.

5.4 Kyrkjelege handlingar

Statistikk i Lindås sokn 2015-2024:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
	LMH	LMH	LMH	LMH	LMH	L	L	L	L	L
Døypte	35	37	33	34	22	30	29	30	27	21
Kon-firmantar	32	38	30	29	37	37	28	35	41	42
Vigslar	3	8	3	6	2	9	4	11	6	2
Gravferd	37	24	33	36	22	23	29	35	25	28

Dåpsprosenten i forhold til tal fødte barn i soknet, samt konfirmasjonsprosenten i forhold til heile aldersgruppa i soknet, er slik:

	2020	2021	2022	2023	2024
Døypte	60,0 %	76,3 %	103,4 %	62,8 %	79,2 %
Konfirmerte	69,8 %	51,9 %	68,0 %	70,7 %	77,8 %

Konfirmasjonsprosenten blant alle medlemmer gjekk noko ned i 21 og 22, mens dei tre andre åra var tala nærare 100 %. Mogleg dette har med covid å gjere, og vi får sjå korleis dette utviklar seg dei neste 5 åra. Tala er henta frå *Kirka vår*.

5.5 Trusopplæring/konfirmantarbeid

Kyrkjelydsarbeidar koordinerer og leiar konfirmantarbeidet med støtte frå soknepresten. Sjøelve undervisninga blir gjennomført i fellesskap i høve normert tid. Nokre

undervisningstimar finn stad i Lindås kyrkje, men det meste går føre seg på kyrkjelydssenteret. Opplegget vi har brukt har variert i løpet av dei siste 10 åra. Tidlegare blei Kristuskransen brukt, og ein periode prøvde vi også Delta sitt opplegg. Dei siste åra har vi satt opp ulike tema og lage undervisning i samarbeid med Osterfjorden sokn, som vi deler kyrkjelydsarbeiderar med.

Konfirmantleir gjennomførast tidleg på våren, også den i samarbeid med Ostereidet sokn. Seinare på våren har vi dei siste åra vore med på ein felles konfirmantfestival i regi av KFUK/KFUM. Da samlast konfirmantar frå heile Nordhordland til ein laurdag i og rundt Knarvik kyrkje med undervisning, gudsteneste og ulike aktivitetar.

Det finst også tilbod om konfirmasjon gjennom HEF, samt TenTro, og nokre ungdommar vel å droppe konfirmasjon heilt. Vi har opplevd stabile konfirmanttal dei siste 10 åra, med noko variasjon etter størrelsen på kulla.

Konfirmantane deltek på gudstenester gjennom heile konfirmanttida. Dei har medansvar for lysmesse, skulegudsteneste og leirgudsteneste, og bidrar også mykje på samtalegudstenesta på våren. I tillegg skal dei vere med som ministrantar på minst ei gudsteneste til, etter ein egen plan. På den måten blir konfirmantane inkluderte i ein god prosentdel av alle gudstenestene i soknet.

5.6 Undervisning

Barnehagebesøk etter avtale med barnehagane der ein underviser om den komande jule- eller påskehøgtida. Kyrkjelydsarbeidar gjer avtale med barnehagane frå år til år, og kjem stort sett på besøk hos dei.

Kyrkja har eit godt samarbeid med skulene i soknet. Det er skulegudstenester for elevane i alle skulane, og dei fleste elevane kjem på dette. I tillegg har vi avtalefesta påskevandringar for 3. og 7. trinn på Lindås skule. Der deltek prest og kyrkjelydsarbeidar, frivillig medhjelpar og av og til organist.

Nokre gonger har vi hatt andre klasser på besøk med undervisning i kyrkja, og vi har prøvd (og prøver ennå!) å få inn fleire slike møtepunkt gjennom året. På den måten trur vi at ungane i soknet blir betre kjente med dei tilsette, og forhåpentlegvis også bli meir positive til å delta i arrangement og opplegg i vår regi på seinare tidspunkt.



5.7 Diakoni

Kyrkjelyden har eit diakoniutval, og dei jobbar med å utarbeide ein ny diakoniplan for soknet.

Tilbod i soknet som kan nemnast i diakonal regi er:

1. Kulturkafe på kyrkjelydssenteret annakvar tysdag. Denne språkkaféen er eit samarbeid mellom kyrkja, bygdelag og sanitetslaget. Drevet av frivillige.
2. “Kvilepuls - song og samtale i kyrkja” finn stad i soknet 2 gongar pr halvår. Det er ei kveldssamling der tema handlar om ulike utfordringar i livet, med intervju/samtale,

allsong og solosong, med kyrkjekaffi til slutt. Her opplever vi stadig aukande oppslutning, og opplever å møte menneske som vi elles ikkje møter i kyrkja.

3. 50-års konfirmandtjubileum. Jubilantane deltek på gudsteneste for deretter å samlast om eit godt måltid mat og drøs over kaffikoppen. Soknerådet er representert under middagen, og soknepresten har også deltatt med innslag så ofte det har latt seg gjera. Det siste året har det vore ein felles 50-årsgudsteneste (og fest) for heile soknet, og vi reknar med at det vil fortsetja slik.
4. Kyrkjelydsfest er om hausten på kyrkjelydssenteret. Det er ein open fest for heile kyrkjelyden kor særleg dei frivillige er inviterte. Staben er med og arrangerer.
5. Tysdagslunsj i Myking bedehus ein gong i månaden. Open lunsj med mat og song og inviterte gjester med ulike innslag. Drevet av frivillige.
6. Fellesskapskveld i Myking kyrkje der ein samtalar om komande sundags tekst og deler kvelds ilag. Drevet av frivillige.
7. Strikkekafé i kyrkjelydssenteret ein gong i månaden. Drevet av frivillige.
8. Pensjonistlaget arrangerer eldrekafe på kyrkjelydssenteret i samarbeid med ungdomsskulen der elevar serverer ein gong i månaden.
9. Roseutdeling til eldre i kyrkjelydane samt dei som har mista nokon det siste året.
10. Helgemesse med invitasjon til pårørande. Nokre gonger har vi også invitert til konsert same helg.
11. Sokneprest og organist har jamlege andakter på soknets einaste sjukeheim på Lindås. Vi har ein god dialog med dei tilsette, og sokneprest stiller også opp for samtaler eller soknebod ved behov.



5.8 Misjon

Kyrkjelyden har nyleg fornya sin misjonsavtale med NMS (Det Norske Misjonsselskap). Gjennom avtalen samlast det inn pengar til deira arbeid i Kamerun. Dei får tildelt takkofferet i enkelte gudstenester gjennom året, og målet er å ha minst ei gudsteneste i året med særleg fokus på misjon.



5.9 Kyrkjemusikalsk verksemd

Organisten har eit hovudansvar for kyrkjemusikalsk verksemd, i samråd med soknerådet. Det er satt av midlar til musikalske krefter utanfrå som organisten forvaltar gjennom året. Ein god del av desse midlane går til høgtid og konfirmasjonar. Elles blir det gjennomført fleire ulike musikkarrangement i kyrkjene i løpet av året. Myking har tradisjonelt vore konsertkyrkja nr. 1 i kommunen, og framleis er det ein del som ønsker å bruke denne. Alt frå små til store konsertar blir arrangerte av alt frå etablerte artistar til lokale musikklag og korps. Organisten held også konserter med ulikt kyrkjemusikalsk preg.

Ein gong i året har kyrkjelyden ein salmekveld i samarbeid med pensjonistlaget. Sokneprest og organist organiserer, pensjonistane stiller med kyrkjekaffi. Soknepresten held ofte eit

musikalsk foredrag om ulike salmetema. Det har også blitt arrangert andre salmekvelder, der organisten har ei større rolle i programmet.

Det er orgel og piano i alle kyrkjene, og organisten sørger for at instrumenta blir regelmessig stemte.

5.10 Barne- og ungdomsarbeid

Småbarnstrall

Annakvar torsdag vert det arrangert “Småbarnstrall 0-5 år” i kyrkjelydssenteret på Lindås. Det er eit tilbod der ein kan delta på songstund, leik, samtale og matpakkelunsj. Småbarnstrallen er drive av kyrkjelydsmedarbeidar i samarbeid med frivillige.

Barnekoret NONSTOP

Kyrkjelydsmedarbeidar driv også NONSTOP med hjelp av gode frivillige. Det er eit barnekor for 1. til 4. klasse som held til på Lindås barneskule i SFO-tida kvar måndag. Sjølv om koret er lagt til skulen, er det ein klar og tydeleg avtale om at koret er kyrkjelyden sitt barnekor. Dei deltek på gudstenester og ulike konsertar, opptrer på sjukeheimen på Lindås, på skulens eigne arrangement og på Lindås senter si julegateopning.

Followme

Dei siste åra har Lindås sokn samarbeidd om leiartrening med dei andre sokna i Alver. Opplegget følger *Followme*-konseptet til NMSU. Samlingane finn vanlegvis stad i Knarvik kyrkje. Kyrkjelydsarbeidar prøver å rekruttere inn i dette arbeidet frå dei avslutta konfirmantkulla.

Lys Våken

Lys Våken for 5.-klassingar blir arrangert i Lindås kyrkje ein gong i året. Det er eit fellesarrangement for heile soknet, og har hatt god deltaking dei siste åra. Barna er med på ei familiegudsteneste på søndagen, etter å ha overnatta i kyrkja. Her er det både kyrkjelydsarbeidarar og frivillige som er med og gjer dette til eit bra opplegg for barna.

4-årsbok

Kvart årskull av 4-åringar blir invitert til gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Lindås kyrkje har ei slik utdeling kvart år, mens dei andre kyrkjelydane bytter frå år til år. Barna får då kome til kyrkja og ha ein «bli kjent-



samling» torsdagen før saman med kyrkjelydsmedarbeidar, for så å delta på gudsteneste søndagen. Vi får tilbakemelding om at på denne måten har borna vorte «varme i trøya» og kjenner seg tryggare i møtet med kyrkja.

5.11 Gjevarteneste

Lindås sokn har ei gjevarteneste, som i hovudsak går til å gje kyrkjelydsmedarbeidar 10 % auke i stillinga. På den måten får han høve til å drive barnekoret NONSTOP som ein del av stillinga si. Det er utvikla brosjyrar med informasjon om arbeidet, og informerast om på gudstenester gjennom året. I 2024 vart det samla inn 39400 NOK gjennom dette, frå 5 gjevarar. Potensialet til å auka denne gjevartenesten er stor, og er noko kyrkjelyden fokuserer på.

5.12 Informasjonsarbeid, kyrkjelydsblad, nettsider, sosiale media, informasjonsstrategi

Kyrkjeblad

Kyrkjebladet i Lindås sokn heiter kreativt nok *Kyrkjebladet*. Frå 2022 er bladet eit fellesprosjekt med alle sokna i Alver samt Modalen. Bladet inneheld omtrent halvparten fellessider og den andre halvparten lokalt stoff. Det kjem ut 4 nummer i året, og soknet har frivillige som tek seg av utdelinga.

Sosiale media, nettside med meir

Lindås sokn har tidlegare hatt tre profilar på Facebook. Etter samanslåinga har det vore snakk om å slå dei saman, men enn så lenge har ikkje det skjedd. Hundvin kyrkjelyd blei av ukjente årsaker stengd ned av Facebook, og har etter det blitt rekna inn under Lindås. Det har også blitt oppretta ein egen profil som heter *Kyrkjebakken – Kva skjer i Hundvin, Lindås og Myking?* Tanken var at den på sikt skulle overta for dei andre profilane, men det er ennå ikkje mange nok som følgjer den til å kunne leggje ned dei andre. Per 22.09.25 har Kyrkjebakken 96 følgjarar, Lindås 266 og Myking 293.

Soknet har ei eiga gruppe knytt til småbarnstrallen som per i dag har 106 følgjarar.

Nettsida for Lindås sokn finn ein på kyrkja.no/Lindas. Her ligg det mellom anna ute kontakthinformaasjon, påmeldingssider til dåp, konfirmasjon og vigsel, samt ein kalender med oversikt over dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden. Sidene våre har potensiale for å gjerast betre og meir dagsaktuell.

Det vert også sendt informasjon til avisene, som trykker opp gudstenester og andre arrangement. Plakatar henges opp i kjøpesenteret på Lindås samt i lokalbutikkane i soknet.

KNARVIK

5.1 Generell vurdering

Knarvik sokn er ein relativt ny storleik. Fram til 2019 bestod området av sokna: Alversund, Lygra og Seim. Frå og med 2020 blei tre sokn til eitt, som fekk det nye namnet Knarvik. Soknet har 4 kyrkjer: 3 kvite trekyrkjer i bygdene Alversund, Lygra og Seim, som er om lag

150 år, og den heilt nye i Knarvik sentrum. Det er også ei trekyrkje, men rommar mykje meir enn berre eit kyrkjerom. I 2024 feira ho 10 år.

Knarvik sokn er ei stor eining med eit stort engasjement. Då den nye kyrkja skulle byggast var det eit ønske at den skulle vere ei “sju dagars kyrkje”. Vi opplever at ho har blitt det, med aktivitetar stort sett kvar dag i veka. I tillegg til dei kyrkjelege aktivitetane vi sjølve har ansvar for opplever vi at Knarvik kyrkje også fungerer som ei storstue for lokalmiljøet.

Med Knarvik kyrkje fekk ein også eit sokneråd med representantar frå dei gamle sokna. For at kvar av dei kvite kyrkjene skulle kunne jobbe med eigne prosjekt, blei det oppretta tre kyrkjelydsutval. I Knarvik kyrkje er det ein arrangementskomité. Vi jobbar for å auke bevisstheita om at vi er eitt sokn med fire kyrkjer. Ein kyrkjelyd som kan bevege seg mellom gudstenester og arrangement i Alversund, Knarvik, Lygra og Seim kyrkjer.

I området er det mange bedehus og frikyrkjer.

Knarvik sokn sin visjon er: Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru. Soknerådet ønsker ei kyrkje der trua på Gud kan vekse. Ei kyrkje med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne. Og ei kyrkje med eit variert kulturtilbod.

Den siste tida har ein jobba spesielt med gjevarteneste, oppfølging og rekruttering av frivillige medarbeidarar i alle ledd og vidareutvikling av det gode barne- og ungdomsarbeidet. Ein ser også utfordringane med vekst i den eldre generasjonen i soknet. Knarvik er ein plass der mange pensjonistar ønsker å bu.

5.2 Det kyrkjelege arbeidet

Alle menneske er velkomne til gudsteneste i Knarvik sokn. Gudstenesta er kyrkjelyden sitt pulsslag som gir rom for heile livet, i glede og i sorg. I gudstenestene våre deler vi tru og undring, bøn og tilbeding. Vi er alle forskjellige og treng ulike måtar å møte Gud på. I Knarvik sokn kan vi gå på gudstenester med dåp og nattverd, familiegudstenester, kvardagsgudstenester i Alversund eller kveldsgudstenester i Knarvik kyrkje. Kanskje er vi mest glad i musikken eller salmane, i liturgien som vi kan kvile i, eller orda som spenner frå tekstlesing til preike og forbøn. Det at vi tenker og opplever ulikt er ein styrke i trusfellesskapet vårt.



I gudstenesta tilber vi Gud, men vi finn òg fellesskap med andre menneske som i større eller mindre grad identifiserer seg som kristne. Vi treng kvarandre for å dele tru og undring, klage og takk, bøn og tilbeding. Vi er eit godt fellesskap og håpet for framtida er at fleire vil finne ein plass i Guds kyrkje på jorda, avdeling Knarvik sokn.

Frå hausten 2016 blei det innført ein fast gudstenesteturnus i soknet. Seim kyrkje har gudsteneste 2. søndag i månaden og Alversund kyrkje har gudsteneste siste søndag i månaden. I Knarvik kyrkje er det gudsteneste kvar søndag føremiddag med unntak av den siste søndagen kvar månad. Då er det kveldsgudsteneste med band, forsongarar, bønemandring, nattverd og kveldsmat. Lygra kyrkje har 2 gudstenester i året i tillegg til dei faste gudstenestene som alle kyrkjene har: Julaften, konfirmasjon og 17. mai.

Det er mange frivillige som er med og gjennomfører gudstenestene i soknet vårt. Vi ønsker at alle medarbeidarane skal oppleve at dei er ein del av eit mindre fellesskap i tillegg til den store kyrkjefamilien. Vi jobbar for å innføre fleire gudstenesteteam i løpet av våren 2026.

På kvelds-, konfirmasjon-, og familiegudstenester bruker vi ofte PowerPoint og lerret for å lage best mogeleg arrangement. For tida har vi eit lerret som vi må ta opp og ned mellom ulike arrangement i kyrkjerommet. Det er både tungvint og tidkrevjande. Vi håper at vi i løpet av 2026 kan få på plass ei permanent løysing med fastmontert lerret.

Ein gong i månaden er det familiegudsteneste. Denne gudstenesta er laga på barna sine premissar og vi opplever ei auka deltaking. På desse gudstenestene deltek barnekor, speidar, det er bønnevandring og vi får ofte besøk av Shelly skjelpadde som er maskoten til Knøttekoret.

Visitasgudstenesta 26. oktober tek utgangspunkt i familiegudstenesta i Knarvik.

5.3 Gudstenestelivet

Gudstenestetall i Alversund, Lygra og Seim sokn 2015 – 2019 og Knarvik sokn 2020 – 2024

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
	A+S+L	A+S+L	A+S+L	A+S+L	A+S+L	Knarvik	Knarvik	Knarvik	Knarvik	Knarvik
Delt. søndagsgudsteneste	11253	12245	12145	11258	11011	6054	4954	6581	7329	8564
Delt. andre gudsteneste	1462	1378	1849	1809	1552	233	996	1919	1809	1252
Delt. gudsteneste total	12715	13623	13994	13067	12563	5894	5950	8500	9138	9816
Søndagsgudsteneste	89	96	96	91	89	95	102	90	78	81
Andre gudsteneste	35	26	26	39	37	10	11	18	30	27
Gudsteneste total	124	122	122	130	126	105	113	108	108	108
Nattverds-gudsteneste	58	56	60	62	54	33	46	46	43	46
Nattverd-deltakarar	3021	3101	3665	4109	3016	1573	1435	1888	1937	2087
Gj.snitt gudsteneste deltak. total	103	112	115	101	100	56	53	79	85	91
Gj.snitt deltak. hovud-gudsteneste	126	128	127	124	124	64	49	73	94	106

Gjennomsnitt deltak. nattverd	52	55	61	66	56	48	31	41	45	45
----------------------------------	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----

I 2024 kan vi lese at 9816 menneske deltok på dei 108 gudstenestene som vart halde i Knarvik sokn. Det som ikkje kjem fram i denne tabellen er den markante auken på gudstenestedeltaking frå 2014 til 2015. Det heng saman med opninga av Knarvik kyrkje første søndag i advent 2014. Den nye kyrkja var etterlengta av mange.

Viss vi ser bort frå covid-åra 2020 og 2021 kan vi lese ut av tabellen at Knarvik sokn har ein stigande trend i alle rubrikkar, men vi er langt frå dei høge tala pre pandemi.

Familiegudstenester og søndagsskule er eit satsingsområde og vi ser at det er fleire familiar som deltek enn tidlegare. Likevel er snittalderen på kyrkjelyden høg.

Tal andre gudstenester er forholdsvis høgt. Det er fordi kvardagsgudstenester i Alversund kyrkje og gudstenestene på Konvent vert rekna med her, i tillegg til skule- og barnehagegudstenester.

5.4 Kyrkjelege handlingar

Statistikk frå Alversund, Lygra og Seim sokn 2015 – 2019 og Knarvik sokn 2020 - 2024

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
	A+S+L	A+S+L	A+S+L	A+S+L	A+S+L	A+S+L	K	K	K	K	K
Døyppte	72	88	73	84	57	71	59	63	69	69	62
Kon- firmantar	93	94	76	70	84	67	74	89	62	71	89
Vigslar	8	15	8	16	17	15	14	10	16	10	14
Gravferd	51	47	62	49	45	63	49	54	48	56	61

Denne statistikken er eigentleg ikkje så veldig spanande sidan vi berre har talt deltakarar eller handlingar. Dersom vi ser på tala i forhold til fødde og medlemmer blir det litt meir spanande.

	2020	2021	2022	2023	2024
Døyppte	86,8 %	87,5 %	97,2 %	85,2 %	105,1%
Konfirmerte	80,4 %	85,6 %	87,3 %	78,9 %	92,7 %

Dersom vi ser på kor mange % av barn født i Knarvik sokn som blir døypte, kan vi sjå ein stigande trend hos oss. 2024-resultatet er oppsiktsvekkande med 105,1 %. Det heng saman med at det er nokre som vel å «reise heim» for å døype barna i foreldra sine kyrkjer.

Når vi ser på tal konfirantar i forhold til 15-åringar som er medlemmer i soknet, får vi og gode resultat. Det vert nytta store ressursar kvart år for at konfirmantopplegget skal bli best mogeleg og auke av konfirantar som vel kyrkja, er truleg også eit resultat av det.

5.5 Kyrkjeleg undervisning og læring 0-18 år

Arbeidet for og med barn og unge er i stadig utvikling. Etter kvart som me utvida breiddetiltaka, erfarte me også at det blei mindre fokus på gudstenestene og storfellesskapet. Breiddetiltaka blei «happeningar» som kravde mykje ressursar, møta mellom små og store i kyrkjelyden blei færre, og opplevinga av fellesskap like eins. På bakgrunn av innspel frå stab, samt revidert Plan for kyrkjeleg undervisning og læring (2024), støtta barne- og ungdomsutvalet ein prøveperiode med meir fokus på søndagen, gjennom oftare søndagsskule og vidareføring av familiegudsteneste éin søndag i månaden. Erfaringane er positive så langt.

Over tid har me også hatt fokus på tettare samarbeid med kontinuerlege tiltak, bl.a. ved å invitere barnekora og speidar til å delta på éi familiegudsteneste kvar, i året (Her fylgjer vi eit årshjul). Samarbeidet inneber at born og unge, har jamne tilbod om samlingar i kyrkjelyden. Meir fokus på søndagen inneber mindre fokus andre dagar. Me har kutta KyrkjeGym for 1-3-åringar torsdagar, og tona ned LysVaken 11 år og Tårnagent 8 år, men styrka Fredagsklubben (5.-7. klasse). KyrkjeMiddagen er flytta til søndag, nettopp for å fremme storfellesskapet. Breiddetiltaka Babysong (0-2 år) og utdeling av Mi Kyrkjebok for 4-åringar, fortset som tidlegare.

Meir fokus på søndagen har f.eks. ført til at det i gjennomsnitt er 8 «interne» born på søndagsskulen no, mot 2-3 born for to år sidan. Ved at me møtest til gudsteneste på tvers av generasjonane, og samarbeider tettare, trur me at «grunnmuren» i kyrkjelyden blir stødigare, ikkje minst for born, unge og familiar.

Konfirantar

Gjennom konfirmantåret er det ulike samlingar: Gruppesamlingar, fellessamlingar og gudstenester. Gruppesamlingane har to hovuddelar. Først er det ei minigudsteneste med interaktive konkretar. Me brukar Kristuskransen som pedagogisk verktøy, og tar perle etter perle inn som hovudfokus for minigudstenesta. Kvar gong slår me opp i Bibelen, og brukar Kristuskransen aktivt. Deretter er det temasamling, der konfirmantane kan velje mellom hobby, friluftsliv eller Q&A (spørsmål og svar). Eksempel på fellessamlingar er seminar, leir og festival. Gjennom konfirmantåret skal konfirmantane delta på minst ni gudstenester. Opplegget har me utvikla over fleire år. Både konfirantar og medarbeidarar har mange gode erfaringar med kombinasjonen av minigudsteneste med utgangspunkt i Kristuskransen, og temagruppe etterpå.

Barnehage-skule-kyrkje-samarbeid

Dei siste åra har me utvikla eit tettare samarbeide mellom barnehagane, skulane og kyrkja i Knarvik sokn. Før jul kvart år kjem alle barnehagane på julevandring i kyrkja. Det er skulegudstenester frå 1.-10. trinn for alle skulane. I tillegg er det påskevandringar for 3. trinn, BibelQuiz for 5. trinn, og Kristne overgangsritual gjennom livet for 6. trinn. Rektorane på dei ulike skulane og tilsette i kyrkja, møtest til samtale og evaluering av samarbeidet, ein gong i året.



5.6 Diakoni

Det er ingen eigen diakon tilknytt soknet, men diakonane i Meland og på Radøy har noko tid tilgjengeleg for fellesskapet i Alver kommune.

I forbindelse med ein ung og brå død kunne vi stille opp for Knarvik vidaregåande skule som trengte hjelp til å få på plass blant anna ei minnemarkering ved skolestart i august. I forlenginga av dette er det etablert ei sorggruppe for ungdom som vil møtast i Knarvik kyrkje hausten 2025.

Det vert arrangert andakt på Knarvik sjukeheim kvar 14. dag. Dei som kjem, set særleg stor pris på musikken. Ved behov besøker vi dei som ikkje kjem seg ut på andakten og har ei kort andaktsstund for dei. Beteninga veit at prestane er tilgjengelege for samtale og soknebod, og tek kontakt ved behov.

Kvart år vert det delt ut roser til dei eldste i kyrkjelyden som har runde bursdagar.

Soknerådet ønsker å opprette eit diakoniutval.

5.7 Misjon

Soknerådet har oppretta eit misjonsutval. Dei arrangerer ulike temakvelder kvart semester. Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland.

5.8 Kyrkjemusikalsk verksemd

Korarbeid

«Klingande sakrament og pulsslag i kyrkjelyden»

Knarvik sokn er velsigna med eit aktivt og omfattande tilbod innan song og musikk. Aktiviteten har eit vidt aldersspenn og mangfald, - både frivillige og tilsette er involverte.

Vi kan for tida gle oss over denne levande rikdomen, med hundrevis av deltakarar:

Babysong, Knøttekor (2-6 år), SingSingeling (1. - 3. trinn), SingOut (4. - 7. trinn), Knarvik Gospel og Alversund kammerkor. Kora deltek i gudstenester og i ulike andre tilskipingar. Soknerådet ønskjer å arbeide for at det kan opprettast eit ungdomskor.



Kyrkja har mange konsertar og tilskipingar, både med egne krefter, i samarbeid med kulturmiljøet, og profesjonelle ressursar.

Songen og musikken er Guds gåve, - så viktig i Bibelen, og ein tenar for kyrkjelyden. Det perspektivet opnar for vidare utvikling og styrking av kyrkjemusikken; ei auka satsing på song og musikk som viktig byggande reiskap og uttrykk framover.

«Syng for Herren, pris hans namn!»

Konsertar og kultur

Alversunddagane er blitt eit fast vår-arrangement og det opnar med gudsteneste i Alversund kyrkje. Nytt i år er at vi innvia det nye flygelet som er kjøpt for innsamla midlar. Vi ser allereie at konsertverksemda i Alversund kyrkje er større på grunn av det nye instrumentet.

Nytt av året er også etablering av eit kunstgalleri i kyrkjekjellaren i Knarvik, Galleri Petersplassen. Kunstnaren Annfrid Leikvoll stilte ut maleri under tittelen «Forkynnaren». Heile 250 personar såg utstillinga i løpet av ei veke, medrekna ved egne arrangement og i kombinasjon med kveldsgudsteneste med kyrkjekaffi i galleriet. Med gode erfaringar så langt, vert det vidare planlagt 2 utstillingar i året. (Foto: Nordhordland Tekst & Foto)



I løpet av eit år har vi fleire faste utleigearrangement i Knarvik kyrkje: Trafikksikkerheitsaksjon for russen, Pensjonistseminar (KnarvikMila), seminar i samband med Ungdomsmila og Det Norske Misjonsselskap har misjonsmesse i november. Knarvik vidaregåande skule har avslutning før jul med to konsertar for å få plass til alle elevane.

5.9 Barne- og ungdomsarbeid

Leiartrening for ungdom

Det er felles leiartrening for ungdom i Knarvik, Meland, Lindås, Radøy og Osterfjorden sokn. Det er godt å jobba saman om dette! Nå bruker ein Followme-opplegget frå NMS.

Fredagsklubben

Fredagsklubben er eit sosialt og inkluderande fritidstilbod for born i 5.–7. klasse. Her møtast me annankvar fredag i Knarvik kyrkje til uformelt fellesskap med varierte aktivitetar som lek, bordtennis, spel, musikkstudio, hobbyverkstad, andakt og kiosk. Kvar samling inneheldt ein særskild aktivitet i tillegg til dei faste tilboda. Dette kan til dømes vere bingokveld,

rebusløp, bowling, underholdningskveld og mykje meir. Me har som mål å vere ein trygg og kjekk møteplass der borna kan trivast og byggje venskap, samt ein plass der dei kan få utforske kven Gud er.

Soknerådet ønskjer å kunne opprette eit tilbod til dei som veks ut av fredagsklubben og barnekora, frå 8. trinn.

KFUK/M-speidarane

KFUK-KFUM-speidarane Alversund er rundt 90 aktive speidarar, dvs born og ungdommar i alle klassetrinn, 1.-10. klasse. I tillegg er foreldre engasjerte, og mange leiarar tar ansvar for tema på dei ulike samlingane. Speidargruppa er ei av dei største i Vestland fylke. Vi samarbeider om éin familiegudsteneste i året, men håper vi kan få til fleire møtepunkt.

5.10 Vaksenarbeid

Kyrkjeklubben

Kyrkjeklubben er for menneske med ulike funksjonsutfordringar og møtest omlag ein gong i månaden i Knarvik kyrkje. Møta inneheld song, leikar, quiz, måltid og gudstenestefellesskap. Me opplever at det er mange som kjem fast på samlingane, men det dukkar stadig opp nye folk som har blitt klar over at tilbodet finst. Det kjem ofte tilbakemeldingar frå dei som følger, at tilbodet er viktig.

Kulturkafé

Kulturkaféen i Knarvik kyrkje har vore eit tilbod sidan 2017. Dei siste åra har den invitert til samvær ein fredag i månaden. Det møter gjennomsnittleg rundt femti personar kvar gong til måltid og variert program. Kulturkaféen vert driven av frivillige. Vi har ei ressursgruppe på rundt femten personar som hjelper til med oppgåver dei har valt, og er med på planleggingsmøte når dei kan.

Det er etablert ei gjesteliste (rundt 65 personar) som ynskjer invitasjon på SMS/mail til kvart samvær. Mange ulike nasjonar er representerte blant gjestene. Det kjem også etnisk norske på kaféen, men dei kunne med fordel vore fleire. Vi legg og vekt på å gje tilbod om kjekke aktivitetar til barna.

Kulturkaféen har vore med og tatt ansvar for store arrangement som "Julefest for alle i Alver" og "Sommarfest for alle i Alver". Kulturkaféen er ein viktig møteplass mellom kulturar og med kyrkja vår. Vi ynsker å bidra til integrering av våre nye landsmenn både i lokalmiljøet her og i kyrkjelydane våre.

Fredagskaffi i Alversund

Ein fredag i månaden inviterast det til Fredagskaffi i Alversund kyrkjelydshus. Der samlast pensjonistane til mat og prat, andakt og variert program. Det er ein fin sosial arena med god oppslutnad.

5.11 Gjevarteneste/økonomi

Knarvik sokn har hatt gjevarteneste i mange år. Ein komité har dei siste par åra jobba målretta med å få fleire faste gjevarar. I løpet av 2024-2025 har tal på gjevarar auka frå 25 til 36. Det samla beløpet for gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet og til Knarvik kyrkje er auka frå kr. 152.750 til kr. 203.712.

Då Knarvik kyrkje vart bygd, var det ikkje pengar til å innreie kyrkjekjellaren. Soknerådet tok opp eit lån på 8 millionar og kyrkjekjellaren kunne takast i bruk i 2017. Soknerådet har ansvar for å betale avdrag og renter på lånet. Det vart gjort avtale med fellesrådet om at inntekter på konsertar i Knarvik kyrkje og utleige av kyrkjekjellaren går til å betale lånet, og fellesrådet betalar leige for kontor til tilsette.

Inntektene dekkar renter/avdrag i fleire år, men frå 2023 har høge renteutgifter gjort at soknerådet i tillegg må bruke av fond og innsamla midlar for å dekke utgiftene. Dette betyr at ønskje om auka innsats for barn og unge vert sett på vent. Eit økonomiutval er oppretta for å bidra til inntektsbringande tiltak.

5.12 Informasjonsarbeid

Kyrkjeblad

Kyrjekontakten er kyrkjeblad for Knarvik sokn. Frå 2022 er alle sokna i Alver (pluss Modalen) med i felles kyrkjelydsblad. Bladet har 8 fellessider og 8 sider frå eige sokn. Bladet kjem ut med fire nummer i året.

Sosiale media og nettside

I 2025 har vi oppretta ein ny profil på Facebook: Knarvik sokn, kyrkjene i Alversund, Knarvik, Lygra og Seim. Vi ønsker å fokusere på at vi er eitt sokn med fire kyrkjer. Denne sida har 1390 følgjarar. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret osv.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik. Her kjem det mye ulik informasjon: Det er påmeldingsside til dåp, konfirmasjon, vigsel og enkelte arrangement og det er kalender med oversikt over aktivitetar. På heimesida kan ein og melde seg som fast gjevar til kyrkjelydsarbeidet.

Samfunnskontakt

Kyrkja er godt integrert i Knarviksamfunnet og i Nordhordland. Dette har forsterka seg etter at Knarvik kyrkje vart opna for vel 10 år sidan.

Gjennom eigne aktivitetar og samarbeid med idrettslag, organisasjonar, næringsliv og det offentlege, er det oppretta fleire tiltak for born og unge bl.a. for å motverka negativ åtferd, og bidra til positiv fritid.

Det har vore viktig å formidla til omverda kva kyrkja står for, og kva tilbod ein har både for born, unge og vaksne. Dette skjer bl.a. gjennom annonsering i lokalaviser, kyrkjebladet og ved andre kommunikasjonsformer, som t.d. «jungeltelegrafan».

Stand på KnarvikMila

Sidan 2023 har Knarvik sokn hatt stand i Nordhordlandshallen under KnarvikMila. Det er skikkeleg kjekt og har etablert seg som ein god arena for å visa fram det mangfaldige og gode arbeidet som skjer i kyrkja/soknet vårt. Vi får mange gode tilbakemeldingar som seier at det er viktig at kyrkja viser seg fram på denne folkefesten.



I tillegg kan det nemnast at eit kyrkje-lag deltok i stafetten fredag i KnarvikMila – det vart lagt merke til og applaudert. I år klatra me meir enn 20 plassar opp på resultatlista sjølv om me vart slått på oppløpssida av den argaste konkurrenten Vatne gravferdsbyrå.

6. KYRKJE OG KOMMUNE

Fellesrådsøkonomi og forvaltning / Kyrkjer og gravplassar

Rapport frå kyrkjeverje John Fredrik Wallace og fellesrådsleiar Sølvi Knudsen.

Økonomi

Dei økonomiske resultatane til fellesrådet har vore skiftande i dei åra vi har bak oss. Pandemi, straumkrise og kutt i tilskota frå kommune har gjort det vanskeleg å planlegge drifta.

Årsrekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk (=overskot) på 2,76 mill kr, mot budsjettert balanse. Hovudforklaringa på resultatet er høgare innkravd festeavgift (2,2 mill kr).

Ser vi framover så varslar kommunen i sin økonomiplan nye kutt i tilskotet. Sett i samanheng med budsjettert underskot på -1,4 mill kr i 2025 så er det kritisk. Det kan krevje iverksetting av kostnadsreduserande tiltak. Kommunen sitt budsjett for 2026 blir avgjerande for kva tiltak som er nødvendig.

Kyrkjebygg

I Alver har vi 14 kyrkjer (inkl Hjelmås kapell). Når det gjeld kyrkjebygga så følger vi den langsiktige vedlikehaldsplanen som fellesrådet har utvikla.

Sidan Alver starta i 2020, har fellesrådet gjennomført eit omfattande arbeid med vedlikehald og rehabilitering av mange av kyrkjene; Meland, Lindås, Lygra, Ostereidet, Hjelmås, Sæbø, Seim og Hordabø (2025).

I åra framover håper vi på nye tilskot til vedlikehald av kyrkjene Manger, Alversund og Myking og Hundvin.


I tillegg til sjølve vedlikehaldet har vi installert ny brannvarsling og automatisk varmestyring i alle kyrkjene (ventar på installasjon i Lygra hausten 2025).

Gravplassar

I Alver har vi 21 aktive gravplassar, og mange er små. I 2024 hadde vi 209 gravleggingar, fordelt på 137 kistegraver og 72 urner (bisettingar). Det er det same totaltalet som i 2023. Urneandelen er 52%.

Pr no jobbar vi med ny gravplass på Lindås og namna minnelund i Knarvik. Det er planar for utbyggingar på fleire gravplassar, som vi søker om tilskott til kvart år.

Det er jobba mykje med «raud lapp» aksjonen. Om lag 2000 raude lappar er festa på graver der vi manglar festar. Det har gitt ekstra innkravd festeavgift. Prosjektet rullar vidare dei næraste åra.



7. VEGEN VIDARE, STRATEGIAR OG MÅL

LINDÅS

Soknerådet har tatt utgangspunkt i Den norske kyrkja sin visjon om “meir himmel på jord”. I sin strategiplan uttrykker dei denne visjonen slik:

Vi ønsker at kyrkja skal få bety noko positivt for kvar enkelt vi møter i kyrkjelydane våre. Vi ønsker også at kyrkja skal vera aktuell for lokalsamfunnet vårt, og vil difor byggja eit fellesskap som møter menneske med hjartevarme og omtanke. Vi vil ha ein raus kyrkjelyd, slik vi opplever at Jesus er raus i sitt møte med oss. Vi skal ha rom for å prøva og feila, fortsetta å bygga fellesskapet som har den levande Gud som sentrum. Kyrkja skal romma både glede og sorg, små og store, vi trur på Jesu ord om å ta imot hans kjærleik, dela det vi sjølv har fått, og at vi er skapt til fellesskap med Gud og med kvarandre: «Meir himmel på jord»

Vidare blir det arbeidd med ein detaljert oversikt/plan for kva dette skal bety i praksis for kyrkjelivet. I strategiarbeidet i soknet har soknerådet begynt å nytte “Kirka vår” som verktøy. Vi har ikkje kome langt i bruken av denne sida, men prosessen er i gong.

Målet er å få ei god breidde på arrangementa, der ein nærast kan ta steg for steg inn mot ei meir aktivt deltaking. Frå lågterskeltilbod som småbarnstrall og strikkekafé, til temakveldar, undervisning og meir regelmessig gudstenestedtaking. Vi ønsker å halde fast på det gode arbeidet vi allereie har i soknet, og samstundes vere opne for nytenking og kreativitet.

Soknerådet har sidan samanslåinga også prøvd å byggje opp eigne kyrkjelydsutval i dei tre kyrkjene. Desse har ein prøvd å gi mogleg grad av autonomi, men det er stor variasjon mellom kyrkjelydane kor godt dette har fungert. Kyrkjelydsutvala skal mellom anna prøve å rekruttere og setje opp **frivillige** til gudstenestene. I stor grad vert denne jobben likevel gjort frå kontoret si side. Frivilligheitstala varierer noko frå år til år, men i soknet som heilskap ligger det vanlegvis på over 40. Vi er heldige som har mange ressurssterke frivillige i kyrkjelydane som gjer ein framifrå innsats.

Det er like fullt ei stor utfordring å rekruttere nye frivillige. Dei fleste av dei vi har i dag er så og si henta frå kyrkjebenkane. Når det tynnast ut der, blir det også vanskelegare å finna nye frivillige. Her har dei gamle sokneråda prøvd å jobbe målretta mot kyrkjelydane for å skapa meir forståing og interesse for dei ulike oppgåvene man kan gå inn i. Dette arbeidet stansa litt opp med pandemien, men etter samanslåinga har også det nye felles soknerådet ønskt å auka satsinga på dette.

Soknerådet ser også verdien av auka fokus på **barn og unge**. Barnekoret NONSTOP har vore eit kjærkome innslag i soknet, og det har vore eit tydeleg ønske om å støtte opp rundt det arbeidet. Vi ser også betydninga av å få til eit godt og utvida samarbeid med skulene. Her prøver vi å ikkje bite over for mykje på ein gong, men sjå korleis og kva vi kan leggje til dei fellesavtalane vi allereie har. Det har vore tidvis høg utskiftingsfrekvens på rektorar på skulane, men vi har til dags dato ikkje møtt motvilje hos nokon av dei.

Gudstenestene er “pulsslaget” i kyrkjelydane. Det leggst opp til at kvar kyrkje skal nyttast jamleg til både gudstenester og andre arrangement. Ingen av kyrkjene skal føle at dei blir nedprioriterte. Samtidig har vi tatt grep i barne- og ungdomsarbeidet, slik at til dømes 4-

årsbokutdeling ikkje skjer i alle kyrkjelydane kvart år. I staden har vi tatt utgangspunkt i at dei fleste familiane i dag er mobile, og kjem seg til den kyrkja dei blir inviterte til. Vi ønskjer at gudstenestene skal fungere som eit bindeledd mellom Gud og menneske, mellom gamal og ny tid, og mellom det lokale og det verdsvide fellesskapet. Folk som kjem til kyrkja skal få oppleve at evangeliet er levande og aktuelt her og no.

Som folkekyrkje har Lindås sokn eit solid nedslagsfelt i lokalmiljøet. Vi møter store deler av folket vi tener både i glede og sorg. Om folk møter oss ofte eller berre ein gong iblant, så får vi like fullt møte dei. Desse møtepunkta må vi ta vel vare på.

Vi har trua på at det skal vere mogleg å anerkjenne det folkekyrkjelege aspektet vårt, og samtidig både kalla og utfordre enkeltmenneske til å engasjere seg meir i kyrkjelydslivet. Vi vonar at vi får oppleve at kyrkja kan bringe «meir himmel på jord» i Lindås sokn i mange, mange år framover.



KNARVIK

Knarvik sokn sin visjonen er å vere ein kyrkjelyd som byggjer bru mellom folk og tru.

Vi ønskjer å vere ei «sju dagars kyrkje» der alle kan finna ein heim uansett alder og livssituasjon. Mykje godt arbeid er gjort sidan tre sokn vart eitt i 2020, men me er ikkje i mål.

Soknerådet har valt seg ut fleire område dei vil arbeide med dei komande åra.

Dei har auka fokus på **frivilligheit**. Det er mange frivillige som bidreg på mange område i soknet og desse må oppleva seg sett og vareteke. Det er viktig at alle opplever meistring uansett alder. Det er også behov for fleire nye medarbeidarar og det er sett ned eit «Frivilligutval» som jobbar med korleis ein kan rekruttera nye. Me ønskjer at flest mogleg skal få bruka talenta sine i kyrkjelyden vår.

Det felles samlingspunktet i soknet er **søndagsgudstenestene** våre. Me veit at ein ikkje kan forventa at alle trivst like godt på ei og same gudsteneste. Derfor er me glade for at me har tre ulike tilbod i løpet av månaden. Ein kan gå på «vanleg» gudsteneste med dåp og nattverd, familiegudsteneste eller kveldsgudsteneste. Dei er ulike i form, alle tre målar biletet av Jesus med brei pensel.



Knarvik sokn ønskjer å vere ei **ope og raus folkekyrkje** med trygge rammer for alle som vil vere ein del av fellesskapet. Me ønskjer å invitera menneske inn i det folkelege og kulturelle

rommet i kyrkja, for så å hjelpa dei som ønskjer over i det kyrkjelege rommet. Det betyr at me må tola å vere usamde utan at det blir opplevd truande. Ulikskap er ein ressurs som kan gje mogelegheit til mange spennande samtalar.

Til sist ønskjer ein at fleire **barn og ungdomar** skal finna sin plass i kyrkjelyden. Gjennom korverksemd, klubbtilbod, konfirmantarbeid og leiartrening håpar me at dei vil kjenna seg heime i kyrkja. Så dei kan vera med å byggja vår felles kyrkjelyd i Knarvik sokn.

8. SLUTTORD/KONKLUSJON

Knarvik og Lindås sokn har mykje likskap mellom seg. Knarvik sokn har regionssenteret i Knarvik. Det gjer at hovudkyrkja der, som òg er ei arbeidskyrkje, får noko meir aktivitet enn dei andre kyrkjelydane. Men alle står i ein samanheng med kvarandre, og det er mykje bevegelse mellom “by” og “land”. Sokna består av eit godt mangfald av ulike menneske og aldersgrupper, og kontakt mellom folk og kyrkje skjer på ulike delar av kyrkjelydslivet gjennom året. Vi ønsker at sokna/kyrkjelydane våre skal vere synlege i lokalsamfunna, og at vi kan vere til stades også andre stader enn i eigen bygningsmasse. Vi har gode frivillige, og fagleg kompetente tilsette som saman forsøker å bevege kyrkja inn i ei nåtid og framtid med små og store endringar. Vi “flykter ikke fra verden” (ref. Salmeboka nr 899), men vandrar med Kristus midt i den.

Mykje av fokuset i begge sokna er på barn og ungdom, frivillige og gudstenestelivet. Dette vil vi fortsette med. Det er òg eit felles mål at alle som søker kyrkja skal oppleve det som trygt, og at dei er velkomne inn i våre fellesskap.

Vi er ein del av ei verdsvid kyrkje som er vedkjennande, open, tenande og misjonerande. Vi trur og vonar at vi skal klare å vere alt dette for stadig nye generasjonar.

Ole Marton Ølberg (sign.)
Sokneprest Lindås sokn

Turid Sporsheim Tvedt (sign.)
Soknerådsleiar Lindås

Cathrine Grutle (sign.)
Sokneprest Knarvik sokn

Hildur Løkken Lillestøl (sign.)
Soknerådsleiar Knarvik